

Retningslinjer for søknad om dispensasjon

Forskrifta §8 opnar for at det kan søkjast om dispensasjon frå alle delar av forskrifta. For å få innvilga dispensasjon må det vere særlege grunnar til dette. Retningslinjene inneheld føringar for kva som kan vere "særlege grunnar". Det er også informasjon om kva søknaden skal innehalde og kor du skal sende den.

Dispensasjon frå § 3 i forskrifta for hytter langs Tinnhøvlvegen

Vilkår:

- Hytter i umiddelbar nærleik til Tinnhøvlvegen får etter søknad dispensasjon for parkering langs Tinnhøvlvegen.
- Parkeringa skal skje på allereie etablert parkeringsplass som tidlegare har vore nytta til føremålet.
- Parkeringsplassen skal stengast av på ein estetisk fin måte
- Parkeringsplassen skal kun nyttast til bruk av hytta
 - Bruk av parkeringsplassen tildelt hytta til anna bruk vert sett på som misleghald og gitt dispensasjon kan verta trekt attende.
- Dispensasjon til parkering kan gjevast på inntil 4 år om gongen.
- Tildelt parkeringsplass fylgjer eigedommen og ikkje aktuell eigar
- Brukarar av hytta som ikkje er definert som grunneigar i Bjoreidalen Nordre må betala bompengar på vanleg vilkår
- Det skal liggje oblat synleg i ruta som syner at parkeringa er tillete. Dette vert gjeve ut av Eidfjord kommune saman med vedtak om dispensasjon.
- Grunneigarlagene kan sende inn samla søknad om dispensasjon for parkering for hytter langs Tinnhøvlvegen, men da skal det kome tydeleg fram av kart kva hytter det er snakk om.

Dispensasjon frå forskrifta for øvrig:

Dispensasjon frå forskrifta elles kan verte gjeve dersom det føreligg særskilte grunnar til det. Desse særskilte grunnane kan vere:

- Forsking som treng dispensasjon frå deler av forskrifta for å gjennomføra sitt arbeid
- Organisert aktivitet for brukarar med spesielle behov som treng dispensasjon frå forskrifta for å gjennomføra sitt arrangement. Det vert ikkje gjeve dispensasjon viss aktiviteten enkelt kan gjennomførast andre stader med same kvalitet
- Anna vil verte konkret vurdert.

Søkker er sjølv ansvarleg for å skaffe seg andre naudsynte løyve.

Misleghald av dispensasjon etter forskrifta

Misleghald kan føra til at dispensasjonen kan verte trekt attande og at det ikkje vert gjeve dispensasjon ved nye søknader.

Søknad om dispensasjon

Alle søknadar skal sendast inn skriftleg til postmottak@eidfjord.kommune.no.

Sakshandsamingstida er satt til tre veker. Send inn søknaden i god tid.

Alle søknadar skal innehalde fylgjande:

- Namn på den som søker
- Kva søknaden gjeld og kva del av forskrifta du søker dispensasjon frå.
- Skildring av kvifor du treng dispensasjon.
- Frå-til-dato dispensasjonen skal gjelde.

Spesielt for søknadar som gjeld hytter langs Tinnhølvegen:

- Kva hytte det gjeld, inkludert gards- og bruksnummer og festenummer.
- Enkelt kart med markering av hytta og parkeringa du skal nytte.